

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/2271-12

Namn på ny tunnel, fv. 53 Ljoteli

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Namnet på den nye tunnelen på fv. 53 Ljoteli i Årdal kommune vert Ljotelitunnelen.

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har utarbeidd reguleringsplan for fv. 53 Ljoteli, som kommunestyret i Årdal kommune godkjende i møte den 20.12.18.

I dag er det to tunnelar i området som heiter Jåteli I og Jåteli II. Tunnelen Jåteli II vil ikkje vere ein del av det offentlege vegnettet etter at ny tunnel er ferdig og opna for trafikk. I samband med godkjenning av reguleringsplanen i desember 2018 tilrådde Årdal kommune at den nye tunnelen skal heite Ljotelitunnelen.

Denne saka skulle etter vanleg praksis vore førelagt Hovudutval for samferdsle. I og med at det ikkje er planlagt fleire møte i dette utvalet, legg fylkesrådmannen saka fram for fylkesutvalet.

Sentrale problemstillingar

Statens vegvesen har sendt saka til Stadnamntenesta i Språkrådet for uttale. Dei er samde i at Ljoteli er rett skrivemåte, men peikar på at det no er lov å skrive «tunell» og at dette ligg nærare den vestlandske talemåte. Dei viser også til at Hordaland fylkeskommune dei seinare åra har gjort nokre vedtak der denne skrivemåten er brukt.

Alle tunnelar i Sogn og Fjordane bruker i dag skrivemåten «tunnel». Det er gjort vedtak om denne skrivemåten også i dei siste namnesakene i fylket (Blaksettunnelen og Flotunnelen).

Andre opplysningar

Gjennomføring av rassikringsprosjektet på fv. 53 Ljoteli er sett i gang.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen viser til at Statens vegvesen har føreslege skrivemåten «tunnel» i sitt forslag til namn på den nye tunnelen. Årdal kommune har slutta seg til både namn og skrivemåte. Stadnamntenesta er samde i at Ljoteli er rett skrivemåte, men oppmodar fylkeskommunen om å bruke skrivemåten «tunell».

I tidlegare namnesaker på tunnelar er fylkeskommunen også oppmoda om å bruke skrivemåten «tunell» og ikkje «tunnel». Fylkesrådmannen tilrår at vi held fast ved den innarbeidde skrivemåten.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen ser ingen grunn til å endre skrivemåte no, og tilrår at namnet på den nye tunnelen på fv. 53 i Årdal vert Ljotelitunnelen.